

SKYSSREGLEMENT

FOR VIDAREGÅANDE SKOLE I MØRE OG ROMSDAL

Skoleskyssen er den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for skoleskyssen. Fylkeskommunen har egne retningslinjer for skoleskyss til grunnskole og vidaregåande skole, opplæringslova omtalar skoleskyssen i § 7 og § 13-4. Reglementet fastsett rettar, rutinar og praksis for skoleskyssen i Møre og Romsdal.

**Vedteke av Fylkestinget i Møre og Romsdal
Møtedato 14.10.2013, sak T-60/13
Retningslinjene gjeld frå møtedato**

Punkt 5.3 i skyssreglementet er oppdatert med presiseringer i samsvar med sivilombudsmannens uttalelse 08. august 2016

**Punkt 1.1, Avstand 5. ledd, er endra etter møte i Samferdselsutvalet 08.04.2019.
Endringa vert gjennomført frå skoleåret 2019/2020**

Lovgrunnlag:

Skysreglementet byggjer på:

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

Rundskriv Udir-3-2009

Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)

INNHALD

Lovgrunnlag

1.0 Skyssrett

1.1 Avstand skoleveg

1.2 Bustad

1.3 Opplæringsstad

1.4 Båt

1.5 Varig og mellombels funksjonshemming

2.0 Fylkeskommunen har og ansvaret for å organisere skyss ved:

2.1 Elevar ved privat vidaregåande skole

2.2 Anna fylke enn heim fylket

3.0 Fylkeskommunen har ikkje ansvar for å organisere skyss for;

3.1 Lærlingar

3.2 Elevar ved teknisk fagskole

3.3 Hospitantar

3.4 Vaksne som får opplæring etter § 4A-3

4.0 Elevar ved kompetansesenter

4.1 Heimreise, bortebuande elevar

4.2 Internat

5.0 Skysstandard, gangavstand og reisetid

5.1 Skoleskyssen

5.2 Gangavstand

5.3 Reisetid

6.0 Skyssgodtgjersle

7.0 Administrering og utføring av skyssen

7.1 Vedtak

7.2 Ruteselskapet sitt ansvar

7.3 Skysskort

7.4 Psykososialt miljø

8.0 Bortvising frå skoleskyssen

9.0 Klage

10.0 Endringar i skysreglementet

1.0 Skyssrett

“Skoleskyssen” er knytt til skolen sine ordinære start og sluttider. ”Ordinære start- og sluttider” er skolen sine start- og sluttider for minst halvparten av elevane.

Å bringe/hente barn til/frå barnehage/dagmamma er ikkje ein del av skoleskyssen.

Reiser som bortebuande/hybelbuande elevar (bortebuarstipend) utfører mellom hybel og foreldrebustad er ikkje ein del av skoleskyssen.

1.1 Avstand skoleveg

Elevar ved vidaregåande skole som har ein skoleveg på meir enn 6 km, har skyssrett. (Opplæringslova §7-2)

“Skoleveg” skal reknast frå dør til dør (bustad og opplæringsstad) etter kortaste farande veg.

“Farande veg” er veg som er open for ferdsel. Som “farande” veg blir og rekna gangvegar og private vegar som er open for almen ferdsel.

“Farande veg” er ikkje knytt til ei vurdering av trafikkfarleg veg. Opplæringslova omtalar trafikkfarleg skoleveg berre for grunnskolen.

Ved måling av lengde på skolevegen skal fylkeskommunen si digitale utrekningsteneste nyttast. Kartgrunnlaget kjem frå Statens Kartverk og er godkjent måleverktøy ved skoleskyss. Ved den automatiske oppmålinga skal det leggjast til ein sikkerheitsmargin på 100 m.

1.2 Bustad

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Ved delt bustad (tidligere delt omsorg) er bustad begge foreldrebustadene. For elevar som har bortebuarstipend er hybel bustad. Fosterheim og avlastningsheim er bustad.

Ved delt bustad, utdrag av brev frå Kunnskapsdepartementet datert 23.12.1996: *“Barnet har som utgangspunkt rett til skyss frå begge foreldres bosted. I alle tilfeller må dette gjelde når foreldrene har delt daglig omsorgsansvar.”*

Det krevst ikkje absolutt 50/50 omsorgsdeling, men delt bustad skal vere reell og dokumentert ved kopi av avtale. Skolane skal innhente slik dokumentasjon før skoleskyss vert bestilt.

Elevar har ikkje rett til fri skoleskyss i samband med utøving av samværsordning.

Udir-3-2009, punkt 4: *”Eit barn kan ha rett til skyss frå begge føresette sine bustadar etter opplæringslova §7-1, så sant barnet faktisk har delt bustad.”*

For myndige elevar blir det lagt til grunn den adressa eleven er registrert med i folkeregisteret.

Fosterheim er å sjå som bustad. Barnevernet har ansvar for skyssen fram til barnet har fått ein meir permanent bustad (rundskriv Udir-3-2009, punkt 5).

Avlastningsheim for funksjonshemma elevar er bustad.

Elev som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret (til dømes turistbedrift med sesongdrift, stølsdrift), har rett på skyss dersom skyssretten elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad (ikkje fast bustad), har elev ikkje rett på skyss.

Elevar med bortebuarstipend som flyttar heim, får ikkje fri skoleskyss utan å seie opp bortebuarstipendet.

1.3 Opplæringsstad

“Opplæringsstad” er i utgangspunktet den vidaregåande skolen eleven er teken inn på. Kan og vere eit lokale undervisninga er lagt til. Utplasseringsstad er opplæringsstad.

1.4 Båt

Elevar som må nytte båt mellom bustad og opplæringsstad. Skyssretten gjeld utan omsyn til reiselengde (Opplæringslova § 7-2)

Elevar som er avhengige av båt-/ferjeskyss må akseptere ein gangavstand mellom bustad/opplæringsstad og næraste haldeplass/kai på inntil 3 km, jfr. Skyssreglementet 5.2.

1.4 Varig og mellombels funksjonshemming

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss/ tilpassa skyss, har skyssrett utan omsyn til veglengda mellom bustad og opplæringsstad. Elevar som ikkje kan reise med kollektivtransport utan følge, har rett på følgjeperson frå dør til dør og på bussturen. (Opplæringslova §§ 7-3, 7-4)

For funksjonshemma elevar (varig og mellombels) krevst det ei erklæring frå lege/sakkunnig for å få ei tilråding om kva transportmåte eleven treng. Dette gjeld og ved vurdering av trong for eventuell følgjeperson. Skolen/utdanningsavdelinga sørgjer for eventuell naudsynt følgjeperson og tilsyn ved ventetid, skolen vurderar periode for behov i samråd med sakkunnig. Ved søknad om tilpassa skyssordning skal fylkeskommunen sitt utarbeidde skjema nyttast, sakkunnig erklæring må ligge ved.

2.0 Fylkeskommunen har og ansvaret for å organisere skyss ved:

2.1 Elevar i private vidaregåande skolar

Elevar ved private vidaregåande skolar, herunder elevar med funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har skyssrett på same vilkår som elevar i den offentlege skolen (Privatskolelova § 3-7, Opplæringslova §§§ 7-2, 7-3, 7-4).

Skyssansvaret gjeld fram til fylkesgrensa dersom eleven går på privat vidaregåande skole i ein annan fylkeskommune.

2.2 Anna fylke enn heimfylke

Elevar heimehørande i Møre og Romsdal som får opplæring i andre fylke, har rett på skoleskyss/skyssgodtgjersle dersom fylkeskommunen har kjøpt gjeste-elevplass i eit anna fylke.

Eleven er sjølv ansvarleg for å sende søknad om skoleskyss/skyssgodtgjersle til samferdselsavdelinga. Eleven må legge ved stadfesting frå utdanningsavdelinga på at skoleplass i anna fylke er innvilga.

Elevar heimehørande i andre fylke som har gjeste-elevplass på skole i Møre og Romsdal må søkje skyssrefusjon frå heimfylket.

3.0 Fylkeskommunen har ikkje ansvar for å organisere skyss for:

3.1 Lærlingar

Lærlingar har status som arbeidstakarar og ikkje elevar med rett til skyss etter opplæringslova. *”Lærlingar har ikkje rett til skyss etter lova. Elevar som får sluttopplæring på skole og ikkje i bedrift framstiller seg til fag- eller sveineprøva som elevar. Dei har difor rett til skyss som andre elevar.”* (Ot prp. 46, utdrag merknad til § 7-2)

3.2 Elevar ved teknisk fagskole

Elevar ved tekniske fagskolar har status som studentar. *“Opplæringslova § 7 gir inga rett til skyss for elevar ved dei tekniske fagskolane.”* (Utdrag brev frå Kunnskapsdepartementet datert 18. januar 2001)

3.3 Hospitantar

I einskilde tilfelle kan ungdomsskolar og rehabiliteringsteam eller behandlingsinstitusjonar inngå avtale med foreldre og elev om hospitering i eitt år før vidaregåande opplæring startar opp. Sjølv om eleven har fullført grunnskole, blir opphaldet i skolemiljøet (vidaregåande skole) sett på som rehabilitering og ikkje opplæring. Fylkeskommunen har ikkje ansvar for skyss.

3.4 Vaksne som får opplæring etter opplæringslova § 4A-3

Utdrag Opplæringslova § 4A-3: *“Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarende, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punkt gjeld vaksne frå og med det året dei fyller 25 år.”*

Vaksne som får vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 4A-3 har ikkje rett til skyss. Vaksne som følgjer vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1 (ordinært inntak) har skyssrett som andre elevar.

4.0 Elevar ved kompetansesenter

4.1 Heimreise, bortebuande elevar

Elevar som får vidaregåande opplæring ved knutepunktskolar for døve utanfor Møre og Romsdal, og som må bu borte frå sine føresette, kan få dekt heimreise i helger når internatet er stengt. Reisa skal skje på rimelegaste måte. Reiser til/frå skolestart/skoleslutt inngår ikkje i desse heimreisene.

4.2 Internat

Elevar som får vidaregåande opplæring ved Tøndergård skole, Molde, og som bur på internatet, får dekt heimreiser i helger når internatet er stengt.

Etter opplæringslova § 13-4 kan departementet utarbeide forskrift om heimreiser. Det er ikkje utarbeidd slik forskrift. Fylkeskommunen har såleis ikkje ei plikt til å dekkje heimreiser, då heimreiser er å sjå som private reiser og ikkje skoleskyss. Dette skyssreglementet byggjer på ein praksis for funksjonshemma elevar busett på internat. Praksisen gjeld berre skolar nemnd i reglementet (Kompetansesenter, Tøndergård skole). Det må føreligge vedtak om tilpassa skoleskyss, sjå punkt 7.1.

Dersom eleven har skoleplass ved kompetansesenter med så lang avstand frå heimen at dagleg reise heller ikkje er vanleg for funksjonsfriske gjeld 4.1.

5.0 Skyssstandard, gangavstand og reisetid

5.1 Skoleskyssen

Skoleskyssen blir utført med rutegåande transportmiddel, med mindre elevar treng tilrettelagt skyss eller får tilbod om anna skyss/skyssgodtgjersle. Skyss kan samordnast mellom vidaregåande skolar eller mellom vidaregåande skolar og grunnskolar.

Ved utplassering reiser elevar med rutegåande transportmiddel dersom det er mogleg innanfor reglane av skyssreglementet punkt 6.0.

Skoleskyss er i utgangspunktet ein del av det ordinære rutegåande transporttilbodet. Samordning av skoleskyss skjer for å få rasjonelle skyssopplegg. Skolane skal ta behov for skoleskyss og organisering av skyssen med i vurderinga når timeplan vert fastsett.

Endringar i skoletider må meldast til fylkeskommunen, med kopi til ruteselskap innan 1. desember året før skolestart.

5.2 Gangavstand

Elevar som har rett til skyss, kan ha ein gangavstand på inntil 3 km.

Er skolevegen meir enn 6 km, blir skyssrett utløyst. Skyssretten gjeld likevel ikkje “dør til dør”. Ved utløyst skyssrett, kan det krevjast ein rimelig gangavstand fram til haldeplass. Kva som er rimeleg distanse må avgjerast etter ei konkret vurdering, men for elevar i vidaregåande skole har det blitt praktisert ein gangavstand på inntil 3 km.

5.3 Reisetid

Den daglege skoleskyssen skal leggjast opp slik at samla reisetid er akseptabel etter ei konkret vurdering for den enkelte elev.

Målsetjing er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skoleskyssen.

Samla reisetid (reise- og ventetid) er tida frå eleven går heimefrå og til undervisninga begynner, og tida frå undervisninga sluttar til eleven er heime på bopel. Vurdering av samla reisetid skal ta utgangspunkt i ordinær skoletid.

Fylkeskommunen kan tilby full skyssgodtgjersle i staden for gratis skoleskyss. Ved bruk av privatbil, blir det gitt køyregodtgjering etter satsane for dekning av utgifter til undersøking og behandling, sjå forskrift av 7. april 2008 nr 788 (sjuketransportforskrifta) Fylkeskommunen vil i tillegg dekke dokumenterte kostnader som ikkje blir dekte av satsen, f.eks. ferjebillett, bompengar.

6.0 Skyssgodtgjersle

Elevar med rett til skyss, får skyssgodtgjersle dersom dei ikkje får tilbod om skyss i tilfelle:

- ▶ det ikkje er tilgjengeleg rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga
 - ▶ gangavstanden på delstrekning mellom bustad/opplæringsstad og transportmiddel er over 3 km (sjå 6.2)
 - ▶ dagleg samla ventetid ved bruk av rutegåande transportmiddel overstig 90 minutt (sjå 5.4)
- Skyssgodtgjersle blir gitt i medhald av forskrift til Opplæringslova (Kunnskapsdepartementet forskrift 23. juni 2003, nr 724, §10-2)

Ved bruk av privat køyretøy. Skal skysskostnadane bli dekte etter satsane for dekking av utgifter ved reise for undersøking og behandling, jfr forskrift 19. desember nr. 1756. Eventuelle naudsynte kostnader som er større enn det satsen dekkjer, må dokumenterast. Kostnader utover det som satsen dekkjer vil til dømes vere betaling av ferjebillett og bompengar.

Satsen ved bruk av privat køyretøy er lik NAV sine satsar for behandlingsreise, med tillegg for kvar passasjer/elev utover førar.

Eleven/foreldra har eit medansvar for at spørsmålet om val av transportmiddel blir avklart i rimeleg tid før skolestart. Ruteselskapet kan avtale bruk av skyssgodtgjersle som alternativ til å opprette skyss. Skyssgodtgjersle er aktuelt ved utplassering.

7.0 Administrering og utføring av skyss

Samferdselssjefen har ansvaret for organiseringa av skoleskyssen. Administreringa av skoleskyssen skjer i samråd med utdanningsavdelinga/ den einskilde vidaregåande skole. Samferdselssjefen kan gje nærare retningslinjer om administreringa av skoleskyssen.

Kvar vidaregåande skole har ein skyssansvarleg. Skyssansvarleg har delegert mynde frå samferdselssjefen, og har den daglege kontakten med ruteselskapet. Skyssansvarleg innhentar erklæring frå lege/sakkunnig i saker der slik erklæring skal nyttast.

7.1 Vedtak

Vedtak/innmelding av skyss til samferdselsavdelinga med kopi til ruteselskap skjer i løpet av 1. veka etter skolestart på den form/det format fylkeskommunen fastset. Vedtak/innmelding er grunnlaget for ruteselskapet til å utføre skyss. Hovudinntaket er normalt i byrjinga av juli med frist for elevane til å akseptere plass. Elevar med skyssrett som har fått skoleplass før hovudinntak skal meldast inn når skoleplassen er klar. Søknad på tilpassa skoleskyss for funksjonshemma elevar må sendast til samferdselsavdelinga innan 1. juni, vedtak vert gjort for eit år om gangen. Innmelding av skolen sine start- og sluttider skal skje før 1. desember for neste skoleår.

Skyssansvarleg/skolen etter delegert mynde:

- Vedtak/innmelding av skyss for elevar som har rett til skyss etter opplæringslova § 7-2
- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med mellombels funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom i inntil 8 veker, som har rett til skyss etter Opplæringslova §§ 7-3, 7-4 (Private skoler har ikkje delegert mynde etter dette punktet)

Samferdselssjefen med gjenpart til skolen:

- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med varig funksjonshemming som har rett til skyss etter opplæringslova §§ 7-3, 7-4
- Vedtak/innmelding av skyss for elevar med mellombels funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom i meir enn 8 veker, som har rett til skyss etter opplæringslova §§ 7-3, 7-4

Fylkeskommunen/ruteselskapet kan trenge tid for å etablere skyssordning, men er innmelding komen til fastsett frist skal skyssordning vere klar til skolestart.

Opplæringsstaden skal informere elevane, og eventuelt føresette, om skyssreglementet.

Om elevar flyttar/sluttar skal skyssansvarleg/skolen gje melding til ruteselskapet.

7.2 Ruteselskapet sitt ansvar

Ruteselskapet har – etter avtale med fylkeskommunen og i medhald av vedtak/innmeldt skyssbehov – ansvaret for å utføre skoleskyssen, dersom ikkje anna er bestemt av fylkeskommunen. Skoleskyss kan samordnast mellom vidaregåande skolar og mellom grunnskole og vidaregåande skole. Skoleskyss blir primært utført med ordinær rutegående transportmiddel, med mindre eleven treng anna tilrettelagt transport. Også tilrettelagt skyss vert samordna for fleire elevar med mindre eleven treng å skyssast aleine på bakgrunn av tilråding frå lege/skakkunnig.

Dersom ein elev har rett til fylkeskommunal skyss, og det ikkje er tilgjengeleg rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga, kan ruteselskapet gjere avtale om bruk av undertransportør (foreldrekyring/skyssgodtgjersle, drosje eller liknande.)

7.3 Skysskort

Ruteselskapet har ansvaret for å skrive ut skysskort til elevane. Dette gjeld og ved trong for skysskort ved reiser til/frå utplasseringsstad.

Elevane skal ha eigne skysskort, dersom ikkje skole og rutebilselskap har avtalt noko anna. Korta blir skrivne ut av ruteselskapet på grunnlag av innmelding/liste. Dei ferdige korta blir sendt til skolen som deler korta ut til elevane. Skysskortet sin funksjon er å legitimere retten til skoleskyss og blir sett på som eit enkeltvedtak.

Melding om tapte eller øydelagde skysskort skal gå gjennom den einskilde skole til ruteselskapet som skriv ut nytt kort. Ruteselskapet kan då ta eit gebyr tilsvarande kostnadene med å skrive ut nytt kort.

Ved tap av skysskort kan skolen skrive ut midlartidig skysskort for perioden fram til nytt skysskort ligg føre, skolen skal då nytte mal frå Fylkeskommunen.

Elevar ved tekniske og allmenne fag (TAF elevar) har utvida skoleår (1. og 2. skoleår), der utplassering i bedrift inngår. Skysskort gjeld ved utvida skoleår for TAF elevar og skolen må opplyse om dette overfor ruteselskapet.

Skoleskysskort skal ikkje nyttast på ferie – og fridagar.

7.4 Psykososialt miljø

Skolen har ansvar for eit godt psykososialt miljø på skolevegen

Opplæringsloven § 9a- 1 gir den enkelte elev rett til et godt psykososialt miljø: *“Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.”*

Retten er individuell og utgangspunktet for vurderinga er den subjektive opplevinga eleven har av det psykososiale miljøet. Det psykososiale miljøet skal virke positivt på eleven si helse, trivsel og læring, tryggleik og sosial tilhøyring. Skolen har handlingsplikt og skal handtere oppmodingar frå elevar/foreldre (jf. Opplæringslova §9a-1). Med skolevegen meiner vi frå eleven forlèt heimen til han/ho er framme på skolen, uavhengig av om eleven går eller vert skyssa.

8.0 Bortvising frå skoleskyssen

Det er ikkje høve til å ta med i skyssreglement noko form for straff eller sanksjonar mot elevar som viser uakseptabel åtferd under skyss til/frå skolen. Ønskjer skolen å regulere åtferda til elevane under skoleskyssen kan det vere praktisk å ta inn reglar om elevåtferd i skolereglementet. Opplæringslova gir i § 3-7 heimel til å gi forskrifter om ordensreglementet for vidaregåande skole. Ein finn i følgje Statens Utdanningskontor i Møre og Romsdal omfattande støtte i forarbeida for at skolereglementet også kan gjelde under skoleskyssen.

9.0 Klage

Enkeltvedtak om skoleskyss kan påklagast av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Fristen for å klage er tre veker etter at vedtaket eller ein kopi av det er motteke. Ei eventuell klage skal sendast til samferdselsjefen i Møre og Romsdal fylke som kan gjere om vedtaket. Dersom ikkje klaga blir gjort om blir det sendt vidare til Fylkeskommunen i Møre og Romsdal sitt klageutval som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld spørsmål om retten til skoleskyss og skyssstandard.

10.0 Endringar i skyssreglementet

Samferdselsutvalet kan vedta endringar i reglementet. Endringar som får større økonomiske eller prinsipielle konsekvensar for fylkeskommunen, skal leggst fram for fylkesutval/fylkestinget

Samferdselsjefen kan ved særskilte høve gjere unntak frå reglementet.